



Aukra kommune

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref.:
2014/1127-21/614

Dykkar ref.:
«REF»

Saksbehandlar:
Jon-Gunnar Gjelberg

Dato:
04.10.2016

Prosjekt 257000 Kulturhus og basseng. Utbyggingsalternativ. Høyring blant brukarane.

Aukra kommune ved Utbyggingsavdelinga inviterer med dette til høyring for interne brukarar i kommunen, Aukra idrettsråd, og Soltun.

Einingsleiarar for Oppvekst og kultur og Gossen barne-og ungdomsskole leverer eit samla svar frå sine einingar, eventuelt med vedlegg. Leiar for Soltun gjer det same. Aktuelle frivillige lag og organisasjonar (brukarar av Soltun) leverer sin uttale til leiar for Soltun. Aukra Idrettsråd kan levere direkte til prosjektleiar.

Frist for uttale / Høyringsfrist er satt til *tysdag 11. oktober kl. 13:00*

Kommunestyret blei orientert om status og framdrift for prosjektet i K-sak 71/16 den 6. september 2016. Her var det lagt fram 3 alternativ som prosjektorganisasjonen hadde arbeida med og lagt fram for interne rådgjevarar og kommunestyrets referansegruppe i 2016. Nytt alternativ med mest mogleg sambruk mellom skule og kulturskule skal også vurderast. Dei fire alternativa er:

1. Folkebad (12,5m) og erstatning for Soltun
2. Folkebad (12,5m), erstatning for Soltun, frivilligsentral, og kulturskule
3. Folkebad jfr. Oppstartsvedtak (16,7m + +), erstatning for Soltun, frivilligsentral, og kulturskule
4. Nytt alternativ – sambruk skule/frivilligsentral og kulturskule

I dette dokument blir innhald og areal for dei ulike alternativa vist. Førebels romprogram som viser funksjon og rombehov er vedlagt. Det er programmet frå utkast til driftsplan frå 2014 som er brukt. I lag med brukarane og kultur rådgjevar kulturhus Nils Gunnerud blei utkast til driftsplan utarbeida

Målsettinga med prosjektet var da:

- vere ei storstue for heile kommunen.
- vere ein stad for produksjon, aktivitet og oppleving
- vere ein pådrivar i kommunens omdømmebygging

Postadresse

Aukraringen 25
6480 Aukra

E-post: post@aukra.kommune.no

Besøksadresse

Aukraringen 25
Org.nr. 964 981 337

www.aukra.kommune.no

Telefon

71 17 15 00

Telefaks

71 17 15 01

Bank

9650.26.60192

Bankkto. skatt

6345 06 15473

- vere med å utvikle kommunen med sine kvalitetar til ein enda betre bukommune for dei som bur her og dei som ynskjer å flytte hit.
- legge vekt på estetiske og arkitektoniske kvalitetar når det gjeld byggets eksteriør og interiør.
- Vere med å bidra til auka handel og næringsverksemd

Dei ulike alternativa gir ulik driftskostnad. Den kostnaden som her er vurdert er kostnader til straum, forsikring, drifting, bygningsmessig vedlikehold og den slags, også kalla FDV-kostnadar. Rådmannen må da også vurdere dei ulike alternativa i høve til nivået på driftskostnadar for kommunen. Viser i den samanheng til kostnadsreduksjonsprosessen for drift. Ambisjon, investeringskostnad, og driftskostnadar må vurderast godt. For alternativ 4. er det utarbeida eit rekneark der sambruk av eksisterande lokalar i skulen er vurdert. For å få plass til eget eigne lokalar for kulturskule er skulebiblioteket tenkt flytta ut av skulen og inn i folkebiblioteket. Dette er ikkje eit endeleg forslag men viser prinsippet for korleis det er tenkt. Kontor for frivilligsentralen kan også plasserast i dagens skulebibliotek, og evt. fleire lager. Sjå vedlegg.

Rådmannen vil også sjå på kva dei ulike alternativa krev av personalbehov. Dette er likevel ikkje tema for denne høyringa.

Kommunestyret vedtok i K-sak 100/13 den 31.11.2013 oppstart for prosjektet. Prosjektkostnaden var da 134.000.000,- og omfang som vist i alternativ 3. Poenget med høyringa er å få innspel på vedtatt konsept frå 2014 og dei andre alternativa. Det viktig å kom med både positive og negative sider.

Prosjektleiinga ynskjer spesielt tilbakemelding på:

- Plassering av skulebibliotek?
- Oppfyller dei ulike alternativa målsettinga?
- Kva er viktigast for prosjektet om noko skal prioriterast?
- Alle alternativa legg opp til stor grad av sambruk av lokalar for ulike brukergrupper. Dette gjeld spesielt for alternativ 4 som har sambruk av eksist. lokalar i skulen. Tankar og synspunkt?
- Omfang på ulike variantar av folkebad. Fordelar og ulemper ?
 - Undervisning?
 - Folkebad?
 - Terapi?
 - Opplæring/trening med 25m basseng?

Utbyggingsavdelinga ser for seg denne hovedframdrifta for prosjektet (til orientering):

- Val av hovudkonsept/alternativ: November 2016
- Endeleg driftsplan inkl. høyring: 1. halvdel av 2017
- Konkurransgrunnlag og konkurranse for bygging: medio 2017 – primo 2019.
- Byggestart medio 2019
- Ferdig bygg/overtaking: 2021

Utbyggingsalternativa:

1. Folkebad (12,5m) og erstatning for Soltun

Kulturhusdel på til saman ca. 2400m² BTA (brutto). Inkluderar salar og støttefunksjonar, kjøkken, fellesareal og folkebibliotek. Kulturskulen og frivilligsentral er ikkje med her. Skrivestua (sjå vedlagt førebels Driftsplan) er da redusert frå 200m² til 130m² netto. Basseng på 12,5x9,5m med fire banar (som i dag) inkl. mindre barnebasseng (35m²)

| Funksjon | Brutto prosjektkostnad | Netto prosjektkostnad | Kommentar |
|------------|------------------------|-----------------------|-----------------|
| Folkebad | 38 500 000 | | |
| Kulturdel | 99 876 000 | | |
| Sum | 138 376 000 | | |
| | | -10 000 000 | Private aktørar |
| | | -4 500 000 | Tippemidlar |
| | | -34 594 000 | MVA |
| | Sum | 89 282 000 | |

| FDV-kostad | | | |
|------------|-----------|--------------------------------|--------------|
| Kulturdel | 1 339 800 | Gjelder 2436m ² BTA | kr. 550.-/år |
| Basseng | 598 780 | Gjelder 921m ² BTA | kr. 650.-/år |
| Sum | 1 938 580 | | |
| Relativ | 0 | | Referanse |

FDV-kostnad for dette alternativet er på totalt ca. 1,9 mill. pr. år. Det er brukt same tal som var nytta i 2014 men prisregulert til dagens verdi. For å samanlikna FDV-kostanden med alt. 1 er det ei linje med «Relativ» kostnad. Den er her 0,- sidan det er dette alternativet (alt. 1) vi brukar som referanseverdi.

2. Folkebad (12,5m) og erstatning for Soltun, frivilligsentral, og kulturskule

Kulturhusdel på til saman ca. 3080m² BTA (brutto). Inkluderer salar og støttefunksjonar, kjøkken, fellesareal, folkebibliotek, frivilligsentral, og kulturskule. Folkebad som alt. 1

| Funksjon | Brutto prosjektkostnad | Netto prosjektkostnad | Kommentar |
|------------|------------------------|-----------------------|-----------------|
| Folkebad | 38 500 000 | | |
| Kulturdel | 126 280 000 | | |
| Sum | 164 780 000 | | |
| | | -10 000 000 | Private aktøtar |
| | | -4 500 000 | Tippemidlar |
| | | -41 195 000 | MVA |
| | Sum | 109 085 000 | |

| FDV-kostad | | | |
|----------------|----------------|--------------------|------------------------|
| Kulturdel | 1 694 000 | Gjelder 3080m2 BTA | kr. 550.-/år |
| Basseng | 598 780 | Gjelder 921m2 BTA | kr. 650.-/år |
| Sum | 2 292 780 | | |
| Relativ | 354 200 | | Meir enn alt. 1 pr. år |

Sjå vedlagt romprogram for fleire detaljar. FDV-kostnad for dette alternativet er da ca. + 350 000,- meir pr. år enn alt. 1.

3. Folkebad jfr. oppstartsvedtak (nov-2013), erstatning for Soltun, frivilligsentral og kulturskule.

Kulturhusdel på til saman ca. 3080m2 BTA (brutto). Inkluderer salar og støttefunksjonar, kjøkken, fellesareal, folkebibliotek, frivilligsentral og kulturskule. Fokebadet er 16,67x9,5m med stuping, terapi og opplæringsbasseng, Barnebasseng m.m. Sjå romprogram for detaljar.

| Funksjon | Brutto prosjektkostnad | Netto prosjektkostnad | Kommentar |
|------------|------------------------|-----------------------|-----------------|
| Folkebad | 68 250 000 | | |
| Kulturdel | 126 280 000 | | |
| Sum | 194 530 000 | | |
| | | -10 000 000 | Private aktørar |
| | | -4 500 000 | Tippemidlar |
| | | -48 632 500 | MVA |
| | Sum | 131 397 500 | |

| FDV-kostad | | | |
|----------------|----------------|--------------------|------------------------|
| Kulturdel | 1 694 000 | Gjelder 3080m2 BTA | kr. 550.-/år |
| Basseng | 853 580 | Gjelder 1313m2 BTA | kr. 650.-/år |
| Sum | 2 547 580 | | |
| Relativ | 609 000 | | Meir enn alt. 1 pr. år |

FDV-kostnad for dette alternativet er da ca. +600 000,- meir pr. år enn alt. 1.

4. Folkebad jfr. oppstartsvedtak (nov-2013), erstatning for Soltun, og kulturskule/frivilligsentral med sambruk skule

Kulturhusdel på til saman ca. 2752m2 BTA (brutto). Sjå vedlagt reikneark «Vurdering av sambruk kulturskule-Gossen BUS. Inkluderer salar og støttefunksjonar, kjøkken, fellesareal, folkebibliotek, og kulturskule. Fokebadet er 16,67x9,5m med stuping, terapi og opplæringsbasseng, barnebasseng m.m. Sjå romprogram for detaljar.

| Funksjon | Brutto prosjektkostnad | Netto prosjektkostnad | Kommentar |
|------------|------------------------|-----------------------|-----------------|
| Basseng | 68 250 000 | | |
| Kulturdel | 112 832 000 | | -13 448 000 |
| Sum | 181 082 000 | | |
| | | -10 000 000 | Private aktører |
| | | -4 500 000 | Tippemidler |
| | | -45 270 500 | MVA |
| | Sum | 121 311 500 | |

| FDV-kostnad | | | |
|----------------|----------------|--------------------|------------------------|
| Kulturdel | 1 513 600 | Gjelder 2752m2 BTA | kr. 550.-/år |
| Basseng | 853 450 | Gjelder 1313m2 BTA | kr. 650.-/år |
| Sum | 2 367 050 | | |
| Relativ | 428 470 | | Meir enn alt. 1 pr. år |

FDV-kostnad for dette alternativet er ca. +180 000-200 000,- redusert pr. år jfr. alt. 3

25-meters basseng

- 25 meter lengde med 6 banar gjev grunnlag for å søke om tippemidler.
- Maks beløp er 17 mill. kr.
- Medfører auka brutto inv. kostnad på ca. 12,5 mill.
- Netto kostnad alt. 3 er redusert med ca. 3,2 mill. om ein får MVA-komp. for heile beløpet. Dette må sjekkast nærare.

3. Folkebad med 25m basseng, erstatning for Soltun, og kulturskule

Omfang på folkebadet er likt oppstartsvedtaket i kommunestyret forøvrig.

| Funksjon | Brutto prosjektkostnad | Netto prosjektkostnad | Kommentar |
|------------|------------------------|-----------------------|-----------------|
| Folkebad | 80 601 000 | | |
| Kulturdel | 126 280 000 | | |
| Sum | 206 881 000 | | |
| | | -10 000 000 | Private aktører |
| | | -17 000 000 | Tippemidler |
| | | -51 720 250 | MVA |
| | Sum | 128 160 750 | |

| FDV-kostad | | | |
|------------|----------------|--------------------|------------------------|
| Kulturdel | 1 694 000 | Gjelder 2752m2 BTA | kr. 550.-/år |
| Basseng | 969 800 | Gjelder 1492m2 BTA | kr. 650.-/år |
| Sum | 725 220 | | Relativ kostnad |
| | 116 220 | | Meir enn alt. 3 pr. år |

Med helsing

Terje Urdshals
Prosjektansvarleg

Jon-Gunnar Gjelberg
Prosjektleder

Kopi til:

Anne Jorunn Sandøy
Terje Urdshals
Malin Solberg
Anne Elin Øverbø
Inga Sølvi Korsvik Melby
Therese Stokke Viken
Jens Petter Kjöll
Lene Marita Ræstad
Heidi Katrine Falkhytten